

Referat frå møte i Utval for utdanning og internasjonalisering (UUI)

Tid: Måndag 7. april 2025 kl. 13.30-15.00

Stad: Rom 435 på HF-bygget

Til stades: Aidan Conti (undervisningskoordinator), Anne Beate Maurseth (allmenn litteraturvitskap), Alinta Krauth (digital kultur), Carl Börstell (språkvitskap), Kari Kinn (nordisk språk), Frode Helmich Pedersen (nordisk litteratur), Ingvild Nistov (norsk som andrespråk), Ulla Kallenbach (teatervitskap), Pär Sandin (klassisk), Marianne van Baar (Norskkursa), Heming H. Gujord (lektorutdanninga), Jens Eike Schnall (norrøn filologi), Synnøve Aukan Meisingset, Sandra Sandnes, Isak Tauder Tyholdt Skog (studentrepresentantar), Signe Nilssen (sekretær)

Frå administrasjonen:

Sissel-Karin Leknes, Veronica Christensen, Linnea Reitan Jensen, Lisa Dalby Pedersen

Forfall: Henning Laugerud (kunsthistorie)

Saksliste

UUI-sak 1/25: Godkjenning av innkalling og saksliste	1
UUI-sak 2/25: Runde: Kva ønsker du å bruke UUI-møta til?	1
UUI-sak 3/25: Orienteringssaker	2
UUI-sak 4/25: Studieporteføljeprojektet	2
UUI-sak 5/25: Arbeidsdeling mellom administrasjon og fagmiljø	3
UUI-sak 6/25: Ymist	3

UUI-sak 1/25: Godkjenning av innkalling og saksliste

Vedtak: UUI godkjenner innkalling og saksliste

UUI-sak 2/25: Runde: Kva ønsker du å bruke UUI-møta til?

Dei fleste fagmiljøa omtala UUI som bindeledd mellom leiing, undervisningsmiljøa og studentane. Eit forum for å formidle forventningar og tiltak frå universitets- fakultetsleiing og formidle stemmer frå undervisninga til institutt, fakultet og andre miljø. Både eit vedtaksorgan og et drøftingsorgan.

Miljøa melde følgande 'ønske': fokus på internasjonalisering (NOFI, NORAN, norskkurs), diskusjonar om ressursar/arbeidsoppgåver (NOLI, LING), innspel frå studentane (LING, ALLV, DIKULT), pedagogiske undervisningsdiskusjonar (TEAT), EVU-porteføljen (NORAN), å vere et problemløysingsorgan (KLA, NOLI, NOSP)

Vil gjerne ha ei klargjering av [mandat](#) og verkeområde for UUI til neste møte. (særleg det første punktet i mandatet)

UUI-sak 3/25: Orienteringssaker

- a) Vurderingsforsøk på bacheloroppgåver

UiBs studieforskrift § 8-1. (2) *Bachelorprosjekt/-oppgåve og masterprosjekt/-oppgåve utan bestått resultat kan leverast på nytt éin gong. Bachelor- og masterprosjekt med bestått resultat kan ikkje leverast på nytt.*

- b) Leganto

Litteraturlistene for hausten 2025 vil vere klare for redigering 4. april. Frist for innlevering er 1. juni.

UUI-sak 4/25: Studieporteføljeprojektet

I desembermøtet blei fagmiljøa bedne om å førebu ein kort framdriftsrapport/-plan til UUI-møtet i februar m.o.t. tiltak for å styrke gjennomføringa. Ettersom februarmøtet blei avlyst, diskuterer vi planane no. Vi ber òg studentrepresentantane om å førebu seg på å dele kva idear og tankar dei har knytte til studieporteføljeprojektet.

Det kom inn skriftlege rapportar frå nordisk språk og litteratur, kunsthistorie og klassisk.

Klassisk: arbeid med emne som når høgare studenttal enn språkkursa på høgare nivå (ANT202, RET102, LAT107, KUN209); satsing på utvekslingsstudentar; oppretta emne i Athen. Samarbeid på BA-nivå med ulike fagfelt.

Norskkursa: Vi har mellom 6 og 700 studentar kvart semester. For å få fleire studentar gjennom, treng vi fleire ressursar. Mykje fråfall mellom internasjonalt tilsette.

Nordisk språk og litteratur og norsk som andrespråk: Pizza og prat. Obligatorisk seminarundervisning.

Digital kultur: God gjennomføring på 100-nivå generelt trass i store studentmengder.

Spørjeundersøkingar viser at studentane ønsker nokre praktiske komponentar som er verdifulle for arbeidslivet vidare, men undervisningsformene knytte til slike emne, er ressurskrevjande. Jobbar med miljø mellom masterstudentane. Shut up and write skriveid.

Teatervitskap: Samarbeid med teatera (arbeidslivsrelevans). Fokus på å styrke det sosiale miljøet i faget. Faglønssjar der studentane møter undervisarane. Ønsker eit større samarbeid på masternivå; studentane vil ha utbyte av å møte studentane på andre fag og ha felles aktivitet for desse.

Språkvitskap: To konkrete tiltak: Har halde fram med linglønsj, styrke forholdet mellom forskarar og studentar, alltid studentar til stades. Vi har opna opp masterprogrammet litt - då er nordisk språkvitskap, engelsk språkvitskap og kognitiv vitskap kvalifiserte. Vi har lagt til rette for fleire studentar som tar frie studiepoeng.

Studentrepresentant: alumni-presentasjonar til studentane styrkar koplinga mellom studiet og arbeidsliv. Vil ha tiltak som fører til betre tilhøyrslø. Fint om òg UiB lagar arrangement.

Allmenn litteraturvitskap: Samarbeid med eit fantastisk fagutval. Oppstart med fagleg-sosiale arrangement. Studentassistentar aukar gjennomføring. Shut-up and write skrivetid. Vil få til eit emne i arbeidslivsrelevans etter ønske frå studentane.

Kommentar frå nordisk litteratur på masterforum – ein student må styre det, og vi må ha infrastruktur og eigarskap. Todelt – studentane snakkar saman først, så kjem dei vitskaplege til. Men det er veldig ressurskrevjande.

Studentrepresentant: fint om masterstudentane kan vise seg fram for BA-studentane (fungerer bra både fagleg og sosialt)

Lektorutdanninga: ikkje så aktuelt med studieporteføljeprojektet hos oss, men det slår jo inn. Betre samordning av lektor og ppu. Vi har innført obligatorisk på nordisk fagdidaktikk, som har betra oppmøtet og skapar betre læringsmiljø.

Norrøn filologi: Tett samarbeid med eit aktivt fagutval. Studentane blir inviterte til fagleg konferanse som en del av eit større miljø. Praktisk arbeid knytt til spesialsamlingane (UBB). Har søkt om fritak frå ny modell i studieporteføljeprojektet.

UUI-sak 5/25: Arbeidsdeling mellom administrasjon og fagmiljø

Kva forventningar har fagmiljøa til administrasjonen? Har de eksempel på arbeidsoppgåver som i dag blir gjort i fagmiljøa, som burde blitt gjort av administrasjonen - og motsett?

Det blei ei kort meningsutveksling der det kom fram at fagmiljøa ønsker ei betre synleggjering av kvifor nokre oppgåver blir flytta over frå administrasjonen til dei vitskapleg tilsette. Det blei òg oppmoda om ei betre deling av oppgåvene mellom dei administrativt tilsette, og at det blir lagt til rette for at det er lett for å steppe inn for kvarandre. Vidare er det ønskeleg å sjå på kva for oppgåver vi ikkje treng å gjere.

UUI-sak 6/25: Ymist

Ingen saker blei melde